

**Saksframlegg**

| Utvalg        | Utvalgssak | Møtedato   |
|---------------|------------|------------|
| Formannskapet | 47/14      | 04.08.2014 |
| Kommunestyret | 27/14      | 13.08.2014 |

**Framlegg til endringar i stadnamnlova - høringsinnspel**

Vedlegg:

Høyringsbrev - framlegg til endringar i stadnamnlova

Høringsnotat

**Saksopplysninger**

Kulturdepartementet kjem i dette høringsnotatet med forslag til endringar i stadnamnlova. I all hovudsak er det to endringar som er verdt å merke seg i notatet. For det første skal lova bli meir tydeleg i sine definisjonar. Her er det særleg skiljet mellom *gardsnamn* og *bruksnamn* som skal gjerast tydelegare. *Gardsnamn* er eldre namneledd som me i dag ofte kjenner som grender, til dømes Østby, Ås, Aune, Græsli, Hilmo. Bruksnamna er namna på det einskilde bruket, eller rettare sagt på den einskilde eigedom. Bruksnamna er ofte utleidd frå eit gardsnamn, til dømes Aune østre, Græsli søndre osv. Forslaget på å tydeleggjera denne skilnaden går på mellom anna å ta inn omgrepet *gardsbruk* i definisjonen av bruksnamn (sjå s.15 i høringsnotatet). Slik blir det tydeleggjort at eit bruksnamn ofte siktar til eit konkret gardsbruk. Vidare skal det gå fram meir tydeleg i føremålsparagrafen til lova at det er eit mål i seg sjølv å sikre at skrivemåten av stadnamna ikkje skyggjer for meiningsinnhaldet i namnet.

Det andre og viktigaste forslaget til endring i stadnamnlova omhandlar skrivemåten av bruksnamna, altså namn på gardsbruk. I dag er det Kartverket som har vedtaksrett når det gjeld skrivemåten av bruksnamn, etter råd frå Stadnamntenesta. Normal praksis i fastsetting av skrivemåte av bruksnamn er at den følgjer skrivemåten for gardsnamnet som bruksnamnet er utleidd av. Det vil seie at skrivemåten for bruksnamn under gardsnamnet Ås skal skrivast slik som gardsnamnet (Ås nordre, Ås østre). I tillegg til dei offisielle bruksnamna har bruka ofte uoffisielle meir daglegdagse namn som Ustgarden, Nergarden osv. Forslaget til lovendring bryt

altså med tidlegare praksis ved å seie at det er grunneigaren som skal ha det avgjerande ordet i fastsettinga av skrivemåten av eit bruksnamn. Det betyr at det framleis er Kartverket som har vedtaksretten formelt sett, men at vedtaket då må vera i tråd med ønskje frå grunneigaren. Andre lokale eller nasjonale interesser blir ikkje tatt omsyn til.

## **Vurdering**

Stadnamnlova kan vera relativt uoversiktleg materie. Særleg gjeld dette skiljet mellom gardsnamn og bruksnamn. Det er difor på sin plass med ein kritisk gjennomgang av omgrepsbruken i lova, noko Kulturdepartementet her tar til ord for.

Når det gjeld spørsmålet om kven som fastsett skrivemåten av bruksnamna vil det vera uheldig å legge dette ansvaret fullt og heilt hos grunneigaren. For det første vil bruksnamna dermed stå med eit adskillig svakare offentleg vern enn resten av stadnamna. Ein vil dermed komma opp i relativt forvirrande situasjonar der til dømes tre bruk under same gardsnamn, vel heilt ulike skrivemåtar av bruksnamnet. Ein risikerer også at direkte feilstavingar frå dansketida får innpass som offisielle norske bruksnamn, t.d. namneledd som Moe i staden for Mo, Vold i staden for Voll og Aas i staden for Ås.

Alle stadnamn bør som ein del av vår felles kulturarv vera underlagt ei viss offentleg styring. Grunneigaren kan ikkje ha eigendomsrett på delar av denne kulturarven. Grunneigaren er den som til ei kvar tid forvaltar ein eigedom. Det er slik sett på langt nær sikkert at han/ho har ei historisk eller slektskapsmessig tilknytning til eigendomen, slik det står i høringsnotatet. Dersom ein eigedom skiftar eigarar ofte vil ein kunne risikere at namnet på eigendomen skiftar i takt med namnet på eigaren. Dette vil vera uheldig. Stadnamna representerer stabilitet og kontinuitet. Det er nettopp dette som gjer stadnamna verd å ta vare på. Dette vil bli betydeleg svekka dersom forslaget til lovendring får gjennomslag.

## **Rådmannens innstilling**

1. Tydal kommune ser positivt på ein generell gjennomgang av stadnamnlova. Dei presiseringar til lovteksten som er skissert i høringsnotatet er i all hovudsak klargjerande.
2. Tydal kommune støtter derimot ikkje forslaget om å la grunneigar få einerett til å fastsette skrivemåten av bruksnamna. Ei slik privatisering av vår felles kulturarv vil føre til at ein viktig del av vår rike stadnamntradisjon i prinsippet står utan offentleg vern, noko som vidare kan føre til ei svekking av sjølve føremålsparagrafen til stadnamnlova, nemleg «å ta vare på stadnamn som kulturminne, gi dei ei skriftform som er praktisk og tenleg, og medverke til kjennskap og aktiv bruk av namna» (§ 1).

Vidare vil ei slik lovendring føre til praktiske problem både for offentleg forvaltning, kartprodusentar og befolkning elles, i og med at bruksnamn som er utleidde frå same gardsnamn i mange tilfelle vil kunne skrivast på forskjellige måtar (t.d. Vik nedre, Wik østre og Wiik nordre). I det heile bør ein halde fram med dagens praksis der skrivemåten av eit bruksnamn i all hovudsak følgjer skrivemåten for det gardsnamnet som bruksnamnet stammar frå.

## **Behandling i Formannskapet - 04.08.2014**

Rådmannens innstilling enstemmig vedtatt.

### **Vedtak i Formannskapet - 04.08.2014**

1. Tydal kommune ser positivt på ein generell gjennomgang av stadnamnlova. Dei presiseringar til lovteksten som er skissert i høringsnotatet er i all hovudsak klargjerande.
2. Tydal kommune støtter derimot ikkje forslaget om å la grunneigar få einerett til å fastsette skrivemåten av bruksnamna. Ei slik privatisering av vår felles kulturarv vil føre til at ein viktig del av vår rike stadnamntradisjon i prinsippet står utan offentleg vern, noko som vidare kan føre til ei svekking av sjølv føremålsparagrafen til stadnamnlova, nemleg «å ta vare på stadnamn som kulturminne, gi dei ei skriftform som er praktisk og tenleg, og medverke til kjennskap og aktiv bruk av namna» (§ 1).

Vidare vil ei slik lovendring føre til praktiske problem både for offentleg forvaltning, kartprodusentar og befolkning elles, i og med at bruksnamn som er utleidde frå same gardsnamn i mange tilfelle vil kunne skrivast på forskjellige måtar (t.d. Vik nedre, Wik østre og Wiik nordre). I det heile bør ein halde fram med dagens praksis der skrivemåten av eit bruksnamn i all hovudsak følgjer skrivemåten for det gardsnamnet som bruksnamnet stammar frå.

## **Behandling i Kommunestyret - 13.08.2014**

Formannskapetets innstilling enstemmig vedtatt.

### **Vedtak i Kommunestyret - 13.08.2014**

1. Tydal kommune ser positivt på ein generell gjennomgang av stadnamnlova. Dei presiseringar til lovteksten som er skissert i høringsnotatet er i all hovudsak klargjerande.
2. Tydal kommune støtter derimot ikkje forslaget om å la grunneigar få einerett til å fastsette skrivemåten av bruksnamna. Ei slik privatisering av vår felles kulturarv vil føre til at ein viktig del av vår rike stadnamntradisjon i prinsippet står utan offentleg vern, noko som vidare kan føre til ei svekking av sjølv føremålsparagrafen til stadnamnlova, nemleg «å ta vare på stadnamn som kulturminne, gi dei ei skriftform som er praktisk og tenleg, og medverke til kjennskap og aktiv bruk av namna» (§ 1).

Vidare vil ei slik lovendring føre til praktiske problem både for offentleg forvaltning, kartprodusentar og befolkning elles, i og med at bruksnamn som er utleidde frå same gardsnamn i mange tilfelle vil kunne skrivast på forskjellige måtar (t.d. Vik nedre, Wik østre og Wiik nordre).

I det heile bør ein halde fram med dagens praksis der skrivemåten av eit bruksnamn i all hovudsak følgjer skrivemåten for det gardsnamnet som bruksnamnet stammar frå.